



Borekruna kjem til syne i lia vest for Mannsvatnet.

I dag kl. 12 var det gjennomslag i tunneldrivinga i Hauglandslia. Med 1 – 1,3 meter i timen har ein drive seg fram 680 meter til inntaksdammen i lia vest for Mannsvatnet. Prosjektansvarlege frå SKL saman med maskinfirma Norhard og grunneigarane var møtt fram til denne markeringa.





Litt seinare stakk borekruna tydeleg opp.



Oversiktsbilete som viser plasseringa av gjennomslagspunktet.

Innslaget ligg 230 meter over havet, og vegen opp lia er utbetra til å tola anleggstrafikk og uttransport av massane. Sjølve stasjonen skal liggja på kote 35, like ved maskin- og redskapshuset på bruket til Arne Johannes Haugland. Bergarten er gneis med nokre parti av sandstein. Arbeidet er gjennomført med to skift, 12 timar på og 12 timar fri. Sjølve tunnelen har ein diameter på 74 cm. Med foring vert tverrmålet redusert til 69 cm.

Norhard frå Sirdal riggar ned noko av utstyret no. Ein annan rigg med større kraft skal på plass for å gjennomføra foringa.

Gjennomslaget i dag må reknast som ei historisk hending,- det fyrste i sitt slag i Uskedalen. Av tre minikraftprosjekt i Uskedalen, er det gjeve konsesjon for to av dei,- i Eikeelva og i Tverrelva.





[To av grunneigarane, Arne Johannes Haugland og Anbjørn Høivik, ved innslaget 230 m.o.h.](#)

Tekst: Kristian Bringedal  
Foto: SKL/ Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland